

**ÅRSMØTE FOR NORDHERADSPROSJEKTET,
ORIENTERINGS-EVALUERINGSMØTE**

**FOR
UTVALD KULTURLANDSKAP
og**

GRENDAKVELD

på Midtli.

torsdag 13. mars kl. 19.00

Folk frå Landbrukskontoret vil orientere om arbeidet med
det utvald kulturlandskapet i Nordherad det siste året.

Etter årsmøtet

vil **Knut Raastad** vil syne utdrag frå filmar som er innspelte
i Vågå.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE FOR NORDHERADSPROSJEKTET

Årsmøtet for Nordheradsprosjektet blir halde på Midtli onsdag 13. mars kl. 19.00.

Alle som bur i Nordherad og som er interesserte i kulturlandskapet, kulturminna og kulturhistoria i grenda, kan veljast inn i styret i Nordheradsprosjektet og har tale- og stemmerett på årsmøtet.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Val av møteleiar og skrivar.

Årsmelding.

Rekneskap.

Val av:

Styremedlemmer

Varamedlemmer

Revisor

Valnemnd

Vel møtt!

Styret

ÅRSMELDING FOR 2023 FOR NORDHERADSPROSJEKTET

Etter fjoråret syner det mykje meir i grenda vår etter blaut-Hans enn etter Nordheradsprosjektet. Hans vanst å reie såpass til da han var innom nokre dagar i fjorsommar at vi sikkert må bruke mykje av dette året til å vøle etter han, og kanskje greier vi ikkje å stelle i stand att alt. Blant anna rann Dipra over faret sitt og øyrde ut mykje av Dippersanden. Raset som reiste med vegen til Grove, gjorde det umogleg å koma fram med firehjula farkost, men det går framleis an å gå forbi der. Verre er det med stigen mot langhustomtene og Svarthåmmårn ovafor Nigard Visdal. Der er det vanskeleg å koma fram, fordi eit breitt ras reiv med seg både stigen og gjerdet til hamnlykkja på Nigard Visdal.

Men litt fekk da Nordheradsprosjektet utretta og. Av tiltak og arrangement i regi av Nordheradsprosjektet det siste året kan nemnast:

- På årsmøtet var det tema om setrene som har tilhøyrt gardar i Nordherad med framvising av gamle bilde frå setrene.
- På årsmøtet var det også orientering og drøfting av kartlegging av biologi og forslag om vern.
- Fyrst i juni var det konsert med Jutullaget på Flåten, kaffeservering og guida tur.
- Slåttekurs i Syhågå i samarbeid med Vågå Husflidslag og Vågå Historielag.
- Dugnad på Flåten med veg, ved, vasking mm.
- Fekk i stand ny heimesida for Nordherad.
- Sponsa skuleklasse med skuleskyss til Nordherad for at elevane kunne rydde eine og lære om kulturlandskapet i grenda.
- Ordna ventilasjonen i bakstrommet på Midtli.
- Nordheradsprosjektet var representert på regionsamling for utvalde kulturlandskap i Innlandet som var lagt til Granavollen/Tingelstadhøgda.

Mange set pris på stigsystemet i grenda og brukar det mykje. Men vedlikehaldsbehovet for stignettet vil nok ikkje minke framover.

Utvald kulturlandskap (UKL)

Det har dei siste åra kome til fleire nye område i denne ordninga. Pr i dag er det 51 utvalde kulturlandskap.

I 2023 fekk Nordherad fyrst ei løyving på 1 150 000 via UKL-ordninga og seint på hausten ei tilleggsløyving på 145 000, fordi eitt av dei andre UKL-områda i Innlandet ikkje fekk brukt tildelte midlar.

For 2024 er løyvinga til UKL redusert med 10 %, og dei som styrer ordninga har varsla at reduksjonen blir lik for alle område.

Kommunen har tilskotsforvaltninga for utvald kulturlandskap i Nordherad, og vi må vende oss til Landbrukskontoret for å søkje om tilskot og utarbeide skjøtselsplanar mm. innafør UKL-ordninga. Fylkesmannen skal nå berre fordele midlane til dei utvalde område og behandle eventuelle klagesaker.

Tiltak og tilskotssatsar blir i store trekk vidareført som i fjor. Vi må heretter søkje om tilskot til skjøtselstiltak kvart år, også for dei areala som vi har skjøtselsavtalar for. Informasjonsskrivet om UKL-ordninga er tilgjengeleg på nettsidene for Nordherad og Vågå kommune.

Styret for Nordheradsprosjektet har som kjent det lokale «ansvaret» for Utvald kulturlandskap, og Nordheradsprosjektet er med i styringsgruppa for Utvald Kulturlandskap.

Møt fram på årsmøtet for å få meir informasjon og for å vere med på å utvikle grenda vår vidare!

Planar for 2024:

- Prøve å gjera Dippersanden brukande att etter blaut-Hans
- Setja opp gapahuk på Dippersanden
- Rydde og stelle på Tjønnsflaten.
- Følgje opp nye skjøtselsplanar.
- Bakstkurs
- Slåttekurs
- Vedlikehald og utskifting av ein del bord og benkar på utsiktsplassar.
- Vedlikehald av stigar og skilt.
- Utarbeide nytt turkart for grenda.

Styret for Nordheradsprosjektet det siste året:

Einar Hårstad, leiar

Knut Raastad, kasserar

Ola Kvarberg, styremedlem

Morten Visdal, styremedlem

Åge Barlund, styremedlem

Anne Helene Haugen, styremedlem

1.vara: Helene Hovden

2.vara: Kjerstin Kaurstad

3.vara: Bjarne Visdal

Revisor: Per Stabell og Joar Visdal

Valnemnd: Audun Heier, Live Hosar og Roar Sletten

Styret